



## Kva er HoppID?

HoppID er eit partnerskap mellom kommunane, Møre og Romsdal Fylkeskommunen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Innovasjon Norge, der målsettinga er å legge til rette for fleire og betre nyetableringar.

## Kva kan HoppID Sande gjere for deg?

HoppID Sande skal vere det første kontaktpunktet for deg som ynskjer å etablere og utvikle ei ny bedrift. I dette ligg det at HoppID Sande skal:

- Veilede til kompetansemiljø for at du kan få gjort ei næringsfaglig vurdering av din ide og forretningsplan, og liknande.
- Veilede deg om HoppID sine kurs retta mot etableraropplæring, mm.
- Orienterer deg om kommunen sine næringsretta tilskotsordningar.
- Vere ein medspelar for deg som gründer, og på den måten bidra til at du som gründer kan verte ein del at eit felles nettverk.

## Kven kan søkje HoppID-midlar?

Personar som ynskjer å starte eiga næringsverksemd kan søkje HoppID-midlar. Tilskotet er avgrensa til max kr 30.000, og skal nyttast til aktivitetar som kan avklare organisering, marknadspotensiale, lønsemd og andre viktige spørsmål som kan avklare vidare verksemdsetablering.

Det vert lagt til grunn at søkjar har gjennomført grunnleggande opplæring i form av dagskurs der kursmålet er å få innsikt i kva som må til for å starte bedrift. Vi viser i den samanheng til aktuelle kurskatalog på [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)

Søkjar må vere registrert busett i Sande kommune.

## Korleis søkje HoppID-midlar?

Du søker om HoppID-midlar elektronisk på [www.mrfylke.no/hoppid.no](http://www.mrfylke.no/hoppid.no). Søkjar skal i søknaden skildre kva aktivitetar det vert søkt tilskot til. Vidare skal søknaden innehalde budsjett og finansieringsplan, samt dokumentasjon på gjennomført grunnleggande opplæring som nemnt over.

## Korleis vert HoppID-midlane utbetalt?

HoppID-midlane vert utbetalt etter søknad. Søknaden om utbetaling skal innehalde ei kort skildring av effektane av dei aktivitetane som er gjennomført. Vidare skal der ligge ved ei dokumentasjon av kostnader i form av eit signert prosjektrekneskap eller liknande. Hovudregelen for ulike tilskot er at utbetaling skjer etter at prosjektet utført og ferdigstilt

## Offentligheit

Tildeling av slike offentlige midlar er offentlig informasjon. Søknadar og vedtak om tilskot vil derfor kunne verte offentlig kjent gjennom kommune sine opne arkivsystem.